



# Indremisjonsforbundet

*Med Guds ord til folket*



Kultur – og kirkedepartementet,  
Kirkeavdelingen,  
Postboks 8030 Dep,  
0030 Oslo.


Bergen 29. november 2006

## **NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja**

Sender med dette vedlagt høyringsfråsegna frå Indremisjonsforbundet. Våre prinsipielle vurderingar og råd har god forankring i vår organisasjon. Vi ønskjer Guds signing over den vidare prosessen.

Vennleg helsing

Indremisjonsforbundet

  
Karl Johan Hallaråker  
generalsekretær

Vedlegg:  
Høyringsuttale  
Spørjeskjema

**Indremisjonsforbundet**  
**Generalsekretæren**  
**Kj.hallaraker@imf.no**

## **NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA**

Indremisjonsforbundet (ImF) takkar med dette for høvet til å gje vår fråsegn om NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja (om Gjønnnes-utvalet si innstilling). Høyringsinstansane er bedne om å kryssa av på fastsett skjema om konkrete spørsmål. I viss utstrekning vil vi gjera det. Men vi er medvitne om at vi er ein fri og sjølvstendig misjonsorganisasjon og at det då ikkje er naturleg å ta stilling til alle dei spørsmåla som formelle kyrkjelege organ skal svara på. Vår fråsegn vil konsentrera seg om vesentlege prinsipielle hovudspørsmål.

### **GENERELT**

Den norske Kyrkja har betydd mykje for folket i landet vårt. Det gjeld det vi er vane med å kalla den offisielle kyrkja med sine embete og råd og åndeleg og diakonal teneste så vel som tenesta gjennom dei frie misjonsorganisasjonane i kyrkja. Det viktigaste har sjølv sagt vore formidlinga av Ord og sakrament som har virka til ny fødsel og nytt liv. Kyrkja er som "institusjon" ein viktig faktor i folks liv og virke langt ut over det som vi til vanleg kallar det aktive kyrkje- og kristenfolket. Både i kraft av sitt vesen, virke og geografiske utstrekning må ein seia at Den norske kyrkja har vore ein av dei aller viktigaste institusjonane i folket vårt. Det er difor naturleg at mange har eit tilhøve til kyrkja og er opptekne av kyrkja si framtid.

Den norske kyrkja sitt nære tilhøve til staten, grunnlova og kongehuset har utan tvil vore viktig. Når vi i dag skal vurdera kyrkja si framtid, kan vi ikkje utan vidare sjå bort frå alt dette. Men vi må også ta med utviklinga gjennom åra og ta inn i vurderingane prinsipielle vurderingar om korleis relasjonen mellom ein demokratisk stat og ei kyrkje forankra i Bibel og vedkjenning bør vera. Etter vår vurdering talar både utviklinga i kyrkja og den prinsipielle vurderinga til konklusjonen om at banda mellom kyrkje og stat må endrast. Ei kyrkje som skal ivareta sitt totale oppdrag som salt og lys i landet, må operera fritt i tilhøve til styresmaktene og bunden av Guds ord, berre forplikta på kyrkja si vedkjenning.

### **PRINSIPIELL FORANKRING**

Når ein skal uttrykka ei kristen kyrkje sitt vesen er det rett å ta utgangspunkt i kyrkja sitt læregrunnlag i Bibel og vedkjenning. Kyrkja er menneske som ved dåp og tru er fødde på ny og med det tilhører Jesu lekam på jord. Den lutherske kyrkja si sjølvforståing er uttrykt i Den augsburgske konfesjon artikkel VII. Her blir det lagt vekt på kyrkja sin *einskap i lære og fridom i ordningsspørsmål*. Difor er det viktig at kyrkja si forplikting på den sanne læra ikkje blir krenka.

Det er nokre realitetar som uroar oss særleg. Når tenarar i kyrkja står fram med tydeleg bibelstridig lære og liv, krenker det kyrkja som er "forsamlinga av dei heilage, der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett" (i samsvar med evangelieordet). Ei sann kyrkje må kunna ta læretukt på alvor. Vi er uroa når (kyrkja sine organ, prestar og) biskopar brukar si makt til å tillata lærepluralisme, samstundes som dei brukar makt for å einsretta detaljar i ordningsspørsmål. Lærepluralisme og ordningsfundamentalisme er å snu vedkjenninga på hovudet! Vi er også uroa av korleis polititarar brukar statskyrkjemakt til å diktera kyrkja si lære og praksis. Utsegner som at "Regjeringa må utnemna biskopar så ikkje konservative krefter i kyrkja får for stor makt", er døme på slik krenking og maktovergrep i tillegg til at det er insinuasjonar mot kristne som kjenner seg forplikta på kyrkja sitt læregrunnlag.

## KYRKJEORDNING

Sjølv om ulike ordningar kan vera moglege ut frå CA, er det vår overtyding at Den norske kyrkja nå bør skiljast frå staten. Vi tillet oss å nemna at det har ikkje vore eit sjølvinnlysande standpunkt for oss som indremisjon. Vurderingane gjennom mange år har jo gjerne vore at ei statskyrkje som vår norske, var beste ramme for frie misjonsorganisasjonar i kyrkja. Verdsvid erfaring tilseier at det er lite eller ikkje døme på frie og sjølvstendige misjonsorganisasjonar med livskraft i frikyrkjer. Difor kunne det vera freistande å halda på ei eller anna form for statskyrkje for å sikra betre vilkår for oss sjølve. Men for oss er dette eit prinsipielt standpunkt som er teke både ut frå respekten for DnK som trussamfunn, prinsippet om religionsfridom og respekten for andre trus- og livssynssamfunn. Vi signaliserer med det også at vi vurderer vår eigen basis som misjonsrørsle med full forsamlings- og kallsrett etter Bibel og vedkjenning uavhengig av Den norske kyrkja si ordning. Organisasjonane sitt virke er ikkje grunna på ”nødsprinsippet”, men sitt kall frå Gud til å tene Gud og menneske på Bibelens og vedkjenninga si grunn innan ordningar som er tenlege for oppdraget vårt.

Av dei tre alternativa i Gjønnnes-utvalet er det altså det tredje med ei fri kyrkje som vi primært tilrår. Då vi seier prinsipielt nei til framleis statskyrkje, vil vi også kommentera fleirtalsforslaget med ei eiga lovfesta kyrkje. Vi forstår det forslaget, og utvalet sitt fleirtal nemner gode grunnar for denne løysinga - som ein mellomstasjon. Vi har likevel nokre innvendingar. Dersom Stortinget framleis skal ha hand om dei djupaste lovspørsmåla, blir kanskje denne ordninga enno meir i politikarane sine hender når dei ikkje lenger blir bundne av Grunnlova sitt ”filter”. Forslaget er tydeleg eit kompromiss med mange ulike premisser. Det gjer det også uvisst og kan gje vilkårlige løysingar i ulike storting. Skal dette alternativet ha meining, må det sikrast at ikkje politiske styresmakter har returret til å gripa inn i for eksempel læremessige og personalmessige spørsmål. Det vil krenkja kyrkja sin integritet.

## KYRKJELEG STATSRAÐ

Dette organet er prinsipielt problematisk. For det eine byggjer det på parlamentarismens val til Stortinget (der det naturleg nok ikkje er kyrkjemedlemskap som ligg til grunn), og det er personar som formelt er utpeika av ein person (statsministeren). For tida er altså det såkalla kyrkelege statsråd utpeika av ein som sjølv ikkje er medlem av statskyrkja og dermed heller ikkje er med i det organet. Det kan med stor rett seiast at kyrkjeleg statsråd er det ”kyrkjelege organet” som har minst kyrkjedemokratisk grunnlag! Røysteprosenten ved stortingsvalet endrar ikkje på det prinsipielle i denne samanhengen.

## FOLKEKYRKJA

Det er liten tvil om at DnK har stor verdi for folket vårt gjennom århundra og over vårt vidstrakte land gjennom forkynning, sakramentsforvaltning, diakoni og som kulturberar. Men det er viktig at ein er medviten om kva ei folkekyrkje må vera og ikkje vera. Ei folkekyrkje som svekker sitt eige læregrunnlag i Bibelen og i vedkjenninga, og som lar vilkårlige politiske og mediestyrt meiningar styre kyrkja, undergrev sitt eige trusgrunnlag. Det er også med på å hindra kyrkja å vera naturleg motkultur i ei sekulær og multireligiøs verd. Dersom politikarane er interessert å ta vare på ei sann folkekyrkje, må det skje gjennom å la ei sjølvstendig kyrkje få gode arbeids- og økonomiske tilhøve til å tena folket over heile landet. Ei sann folkekyrkje er *for* folket og *ikkje av* folket!

## MISJONSORGANISASJONANE SIN Plass

Vi tillet oss å meina at organisasjonane for indre og ytre misjon som har hatt sitt virke innan DnK, har vore til rik velsigning både for kyrkja, folket og verdssamfunnet. Både den teologiske situasjonen i kyrkja og sosiologiske endringar i folket har gjort at fleire av

misjonsorganisasjonane har endra sin misjonsstrategi dei seinare åra med m.a. forsamlingsbygging. For vår sjølvforståing er dette ikkje noko prinsipielt nytt. Vi forstår vår rett på prinsipielt grunnlag og ikkje ut frå eit eller anna nødsprinsipp. Det må også nemnast at sjølv om ein har for vane å presentera seg som ein misjonsorganisasjon innan Den norske kyrkja, er det ikkje organisasjonen, men (dei fleste) medlemmene som er medlemmer i DnK.

Vi vil meina at det er til gagn for DnK om ein gjennom si lovordning synleggjer misjonsorganisasjonane sin frie plass i kyrkjefellesskapet. Negative signal til misjonsorganisasjonane vil kunna tyda oppsplitting av DnK og mange kyrkjeorganisasjonar. Vi tillet oss å nemna at misjonsorganisasjonane sin plass har overraskande fått liten omtale i Gjønnnes-utvalet. Det bør rettast i det vidare arbeidet. Vi vil i denne samanhengen minna om at Den danske folkekyrkja tidleg valde å gi rom for ulike former for forsamlingsdanning innan Den danske folkekyrkja, både valmenigheter og frimenigheter.

I debatten om kyrkja si framtid høyrer vi både direkte og indirekte ei viss redsle for at med ei fri kyrkje vil organisasjonane og konservative krefter få for stor makt. Slik avslører både manglande kunnskap og viser mange fordommar. Slik vi kjenner misjonsorganisasjonane og vår eige indremisjonsfolk, er det lite som tyder på "maktbruk". Det er heilt andre krefter som følgjer det sporet. Ein kjenner faktisk ikkje misjonsorganisasjonane om ein trur at dei vil leggja sitt arbeid under kyrkja, berre ein fekk konservative leiarar i kyrkja.

## **ØKONOMI**

Når det gjeld finansiering av Den norske kyrkja, vil vi uttrykka at staten bør ved endring syta for gode vilkår for kyrkja. Ut frå langvarig tradisjon og vurderinga av kyrkje- og livssynssamfunn sin plass i samfunnet, meiner vi at finansieringa bør vera offentleg ansvar. Medlemsavgift av frivillig karakter vil ikkje berre vera vanskeleg historisk, men det vil også kunna ha negativ påverknad på heile frivillig sektor i landet vårt. Det er ingen tent med.

Til økonomiske spørsmål nemner vi også eigedomsretten til kyrkjebygg m.m. Det bør vera klart at dette må vera kyrkjeleg eigedom. Det er i stor grad hus som er vigsla til kristen bruk. Det kan leggjast inn nokre premisser om bruksrett for ulike grupper, når det ikkje krenker vigslinga. M.a. misjonsorganisasjonane sin lange tradisjon bør tilseia deira bruksrett til forsamlingsbygging om ein ønskjer det. (Jfr. Frihetslovgivningen og valgmenighetsordningen i Danmark.)

## **STATEN SIN VERDIBASIS**

I samband med vurderinga av kyrkja si framtid er det også til vurdering staten si verdiforankring og §2 i Grunnlova. Dersom Stortinget følgjer vår tilråding om "fristilling", er vi innforstått med at det vil koma endring i denne paragrafen. Men vi bed Stortinget om ikkje å ta lett på dette spørsmålet med populistiske og slagordprega endringar. I ei tid der mange ting er i endring og verdiar kjempar med kvarandre, er det viktig å vurdere kva verdisett som best gjev rom for fridom og nestekjærleik og slik kan fungera både som lim og omsorg i samfunnet. Vi bed om at kristendommen framleis blir hovudbasis for landet vårt. Slik er haldningar, sed og skikk forma i vår kultur. Religions- og livssynsfridom er ein naturleg del av ein statleg verdiparagraf. Men nettopp for at også det skal bli reelt i generasjonane som kjem, trur vi at ein kristen forankra verdiparagraf er beste garanti for dette.

Vi trur at det er viktig at Regjering og Storting nå drøfter grundig Staten sin framtidige religions- og livssynspolitik ut frå ein prinsipiell ståstad med respekt for reell fridom på dette området. Etter vår vurdering kan den lutherske to-regimentslæra tena som god leiestjerne på

dette området. Det inneberer m.a. at staten ikkje må blanda seg inn i trus- og livssynsfelleskaps indre liv, virke og organisering så vel som trus- og livssynssamfunna (som islamsk sharia) ikkje skal bruka makt mot samvitet til folk på det verdslege området.

Dette inneber også at staten må sjå positivt på religions- og livssynsutøving i det norske samfunnet. Det kan gjerast positivt i lovgjevinga, men også med ein raus økonomisk politikk både overfor religions- og livssynssamfunna spesielt og frivillig sektor generelt. Det gjer trus- og livssynsfridommen reell.

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Indemisjonsforbundet (IMF)*

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

*Respekt for tros- og livssynssamfunns integritet, og økonomiske ordninger som gjør integriteten real.*

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag  
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

kandidater må forplikte seg på kirkens læregr.lag.

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg  
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene  
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget  
 Det humanistiske verdigrunnlaget  
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)  
 Kommunen  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret  
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare